

Øyrane vidaregåande skule er den største yrkesfaglege skulen i fylket med om lag 120 tilsette og 390 elevar fordelt på 31 klassar. Skulen har utdanningsprogram innan: Bygg- og anleggsteknikk, Elektrofag, Helse- og sosialfag, Restaurant- og matfag, Teknikk og industriell produksjon og Service og samferdsle. I tillegg har skulen pedagogisk ansvar ved ulike sosiale og medisinske institusjonar i Førde, og ansvar for Oppfølgingstenesta i Indre Sunnfjord.

Avdelingsleiar

Det er ledig fast stilling som avdelingsleiar for Restaurant og Matfag frå 1.8.2010. Stillinga som avdelingsleiar er p.t. delt i omlag 50 % leing og 50 % undervisning.

Hovudsarbeidsoppgåver som leiar:

- Personalansvar for medarbeidarane på avdelinga.
- Sikre ei god drift av dei enkelte klassane i samarbeid med den enkelte kontaktlærar og klasselærarar.
- I lag med sine medarbeidarar kunne omsetje skulen sin utviklingsplan i praktisk handling
- Pådrivar i det pedagogiske utviklingsarbeidet i avdelinga samt organisering og oppfølging av det spesialpedagogiske arbeidet.
- Hovudansvar for organisering og oppfølging av avdelinga sitt eksterne samarbeid bl.a. innan prosjekt til fordjupning.

Vi ønskjer ein person som:

- set elevane i sentrum for arbeidet i avdelinga
- framstår som ein motiverande leiar
- har sterk kommunikasjons- og samarbeidsevne
- kan framstå som samlande for avdelinga og samtidig setje krav til den enkelte medarbeidar
- framstår som ryddig i utøving av skulen sin personalpolitikk

Oppmodar spesielt kvinner til å søkje for å nå målsettinga om auka tal kvinnelege leiarar i fylkeskommunen.

For stillinga gjeld:

- Løn etter avtale.
- Vanlege fylkeskommunale tilsetjingsvilkår.
- Hjelp til å skaffe bustad.
- Dekking av flytteutgifter etter nærare reglar.
- Pensjons- og forsikringsordningar.
- 6 mnd prøvetid.

Nærmare opplysningar om stillingaane får du ved å kontakte rektor Rolf Årdal, tlf 57 82 59 20 eller mobil 91 81 95 46.

Søknad med fullstendig CV og referansar skal sendast på e-post til postmottak.oyranevgs@sfj.no innan 6. februar 2010. Kopi av vitnemål og attestar vert å leggje fram ved eventuelt intervju. Ved tilsetjing vil det bli kravd politiattest, men den treng ikkje følgje med søknaden.